

Protokoll frå konsultasjonar mellom Færøyane og Noreg om enkelte sider ved forvaltning av nordaustatlantisk makrell for 2022

13. september 2022

1. Ein delegasjon frå FÆRØYANE leia av Herluf SIGVALDSSON og ein delegasjon frå NOREG leia av Ann Kristin WESTBERG møttest i løpet av sommaren 2022 for å drøfte enkelte sider ved forvaltninga av nordaustatlantisk makrell.
2. Delegasjonane viste til det lange fiskerisamarbeidet mellom Færøyane og Noreg, og peika særleg på dei viktige økosystemtokta kvar sommar.
3. Delegasjonane viste til protokoll datert 27. Oktober 2021 frå konsultasjonar mellom Noreg, Den europeiske unionen, Færøyane, Grønland, Island og Det britiske samveldet om forvaltninga av nordaustatlantisk makrell for 2022, der partane vart samde om ein totalkvote for makrell på 794 920 tonn.
4. Delegasjonane viste vidare til «Protokoll fra drøftelser mellom færøyske og norske myndigheter av 7. desember 2021 om gjensidige fiskerettigheter i 2022».
5. Delegasjonsleiarane vart samde om å tilrå tiltaka i paragrafane 6-13 til sine respektive styremakter.
6. Færøyske fartøy skal kunne fiske inntil 10 000 tonn makrell i Noreg si økonomiske sone og fiskerisona ved Jan Mayen. Norske fartøy skal kunne fiske inntil 10 000 tonn makrell i farvatn under færøysk jurisdiksjon.
7. Dersom det blir nytta andre fartøy enn det fartøyet som har utøvd fangstoperasjonen til å føre fangstar av makrell etter denne avtalen til land, skal fangst frå dei ulike fartøya haldast skild frå kvarandre om bord i føringsfartøyet.
8. Ved fiske i Noreg si økonomiske sone eller i fiskerisona ved Jan Mayen, skal både fartøyet som har utøvd fangstoperasjonen og føringsfartøyet rapportere i samsvar med forskrift 31. august 2010 nr 1231 om elektroniske rapportering for utanlandske fiske- og fangstfartøy i Norge si økonomiske sone, territorialfarvatn, fiskerisona ved Jan Mayen og fiskevernsona ved Svalbard. Ved overføring av fangst mellom fiskefartøy og føringsfartøy skal dataelementet Fiskeriaktivitet i melding om fangst (DCA) sendast med koden REL. Føringsfartøyet skal rapportere overført fangst med ei melding om omlasting (TRA).


HS

akw

9. Norske fartøy kan lande makrell som er fiska i færøysk jurisdiksjon på Færøyene.
10. All makrell som er fiska i Noreg si økonomiske sone og fiskerisone ved Jan Mayen skal omsetjast gjennom eller med godkjenning av Norges Sildesalgslag SA.
11. Norske fartøy som fiskar makrell i det særlege området der Færøyane og Det Sameinte Kongedømet Storbritannia og Nord-Irland har rett til å utøve sine respektive jurisdiksjonar og rettar, skal rapportere i medhald av føresegnene i paragraf 7 i «Protokoll fra drøftelser mellom færøyske og norske myndigheter av 7. desember 2021 om gjensidige fiskerettigheter i 2022»
12. I tillegg til gjeldande kontrollpunkt kjem nytt kontrollpunkt «India» i posisjon N64 10 – E 000 00.
13. Denne avtalen gjeld frå 15. september til 31. desember 2022.


13. september 2022

For Færøyane



Herluf Sigvaldsson

For Noreg



Ann Kristin Westberg